

Tilskot til lokale miljø- og klimatiltak – 2015

Søknad frå FN-sambandet vest

Tilskot til lokale miljø- og klimatiltak i Hordaland, søknadsskjema for støtte for 2015. Send skjema til Hordaland Fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen eller sentralarkivet@hfk.no innan **1.april 2015**. Ver venleg å merke søknaden med: "Miljøorganisasjonar", Ref: 2014/23340".

Kontaktperson: Tale Halsør, tale.halsor@hfk.no, 55 37 80 11. Meir informasjon på www.hordaland/miljo

1. Søkjar

Namn på søker:	FN-sambandet vest		
Prosjektnamn:	LA21 i vest 2015		
Kontaktperson:	Arne Øi arne.oi@fn.no 97003087		
Adresse:	Postboks 316		
Telefon:	55548490	E-post:	vest@fn.no
Kontonr:	52010683009	Organisasjonsnr:	00973164473

2. Søknad

Totalbudsjett:	210.000,-	Søknadssum:	75.000,-
Planlagt start:	Verdas miljødag 5. juni	Planlagt slutt:	Ca 15. desember

Har de søkt om tilskot til prosjektet tidlegare? Ja, i 2014

a) Målet med prosjektet

Gjennom deltaking i berekraftige døme vil vi inspirera elevar, lærarar og skuleleiarar i Hordaland til sjølve å starta opp fleire eigne lokale klima og miljøtiltak. Kvar tiltak/døme (tilpassa kvar si målgruppe, sjå vedlegg) skal visa deltakarane at praktisk handling er mogleg og gjev effekt, dvs. reduserte utslepp av klimagassar, redusert forureining og/eller auka gjenbruk og kortare reiser for menneske og material.

b) Kvar skal prosjektet gjennomførast?

Skular i Hordaland inkl. Bergen (borneskular, ungdomsskular, v g s allmennfag og yrkesfag)

c) Samarbeidspartnarar

Bergen kommune v/klimaseksjonen og vann og avløp
Hordaland bondelag

d) Er kommunen involvert i prosjektet og evt korleis

Prosjektet vil vera i samarbeid/forståing med fleire seksjonar/kontor i Bergen kommune og HFK

e) Korleis bidreg tiltaket til betra miljø og berekraftig utvikling?

Kvart døme er organisert som eit delprosjekt. Det er i seg sjølv truverdig og berekraftig, pluss at det verkar som inspirasjon til å starta noko sjølv. Vi følgjer prinsippa for "Lokal Agenda 21" frå 1992, dvs. at alle kan starta berekraftige tiltak på sitt eige nivå utan å venta på direktiv eller vedtak ovanfrå – alle kan også påleggja at tiltak vert starta opp på nivå under spom dei har ansvaret for. Ut i frå dette kallar vi prosjektet "LA21 i vest 2015". I møte med skulane tek vi utgangspunkt i generell del i læreplanane, som seier at "skule skal vera ein aktør i lokalsamfunnet". Vår tilnærming er at skuleleiing, lærarar, elevar og FN-sambandet får eit resultat saman – vi driv altså ikkje berre med einvegsinformasjon.

2. Kort budsjettoversikt for 2015

Inntekter	kr	Utgifter	kr
Driftsstøtte frå HFK	70.000,-	Lønsutgifter (eigeninnsats 2 x ½ mnd)	40.000,-
Medlemskontigent	0	Kontorutgifter	0
Andre inntekter		Møteutgifter	30.000,-
Søknad til Bergen kommune	70.000,-	Aktivitetsutgifter	130.000,-
Eigeninnsats	70.000,-	Andre utgifter	10.000,-
Sum inntekter	210.000,-	Sum utgifter	210.000,-

Alle finansieringskjelder (som eigne midlar, kommunale, fylkeskommunale, statlege og private tilskot, dugnader og gåver) skal spesifiserast. Budsjettet skal balansere.

3. Kort oversyn over planlagde aktiviteter i 2015 (maks ei halv side)

- Mai: Førebuing og planlegging
- 5. juni: Kickoff på verdas miljødag, mellom anna oppstart av kunstprosjekt jordsmonnsåret i "Nasjonenes Park"
- Før sommarferien 5 skular
- Etter sommarferien 14 skular
- September/oktober kunstprosjekt jordsmonnsåret, byrom/skular, rådhuset i Bergen, HFK fylkeshuset
- November avslutning og oppsummering skular
- Desember felles evaluering

BUDSJETT DELPROSJEKT

- Klimaspel: 15 skular á 3.000 +10.000 til utstyr = 70.000,-
- Kunstprosjekt FN's jordsmonnsår: Rådhuset, HFK fylkeshuset, skulane dvs. 3 á 10.000 = 30.000,-
- Klimainspeksjon: 4 skular á 5.000,- = 20.000
- Internasjonal mat m/kortreiste råvarar (på verdas matvaredag 16.okt & folkefest IU): 2 á 5.000 = 10.000,-
- Lønsutgifter (eigeninnsats) 2 x ½ månadsverk frå FN-sambandet (Kai Grieg & Arne Øi) = 40.000,-
- Møteutgifter: Frilansarar til team påskulane (avgift 6 studentar á 5.000 på praksis frå UiB/sampol) = 30.000,-
- Uforutsette utgifter: 10.000,-

TOTALT: 210.000,-

Vår tilnærming er at skuleleiing, lærarar, elevar og FN-sambandet får eit resultat saman – vi driv altså ikkje berre med einvegsinformasjon. For å oppnå dette jobbar vi alltid med team, der tilsette i FN-sambandet kjem til skulane osb. med eit team på 3-5 personar. Dette er arbeidsintensivt, og vi har god røynsle med å nytta studentar på praksis via UiB/sampol.

Stands med internasjonal mat laga av kortreiste råvarar kan gjennomførast i samarbeid mEd Hordaland Bondelag.

Dersom vi får tildelt mindre enn omsøkt sum, kan prosjektet likevel gjennomførast med færre skular, eller ved at nokre av delprosjekta ikkje vert tekne med. Dette kan vi om ønskjeleg gjerne diskutera med HFK.

4 VEDLEGG

- Tre idenotat om klimaspel, kunst jordsmonn, klimainspeksjon
- Kopi av innsendt rapport for 2014

Søklarar som får innvilga tilskot, skal levere kortfatta rapport for bruk av tilskotet. Dette skal gjerast seinast 1. april 2016. Om søknaden ikkje er fullstendig utfyllt eller det manglar relevante vedlegg, kan det ikkje ventast at han vert handsama.

Leiar: Arne Øi (namn) Dato: 01.04.2015 Arne Øi (sign) (underskrift)